



ÅRSMELDING
2016

INNHALD

- 4 Styret si årsmelding
- 6 Så vakker du er
- 8 Ung 2016
- 10 Vildanden
- 12 På lokalet
- 14 Kvinna frå før
- 16 Juleevangeliet – Miriam si forteljing
- 18 Julekrybba
- 20 Eventyrrommet
- 22 Kinnaspelet
- 23 LAB-prosjekt
- Gjestespel:**
- 24 Issun Boshi
- 24 Do not feed the trolls
- 25 Skilte menn rir igjen
- 25 Dødsdansen
- 26 Personale, samarbeidspartar, styret/vara
- 28 Statistikk
- 30 Resultat/balanse
- 32 Notar
- 38 Revisor si beretning

Foto: Sognog Fjordane Teater



Sogn og Fjordane Teater skal vere ein viktig, spennande og utfordrande aktør i kulturlivet i Sogn og Fjordane.

Repertoaret i 2016 har hatt eit vidt spenn frå den teksttru klassikaren «Vildanden» av Henrik Ibsen, via dans i «På lokalet» til norgespremière på formsterk samtidsdramatikk med «Kvinna frå før».

Teateråret har levert tre urpremièrar, to av dei ordlause: «På lokalet» og «Ung 2016», og ei norsk dramatisering med ein sterk musikalsk signatur med «Så vakker du er». Vi har utfordra oss sjølve på sjangermessig mangfald, så vel som på nye konsept og speleflater. Det som kjenneteiknar året meir enn noko anna er samarbeid og nye spelestader. I 2016 har vi møtt publikum på fleire nye arenaer i tillegg til vitjing hos våre ordinære arrangørar. Vi har jobba målretta med å styrke vertskapsrolla i Førde så vel som å strekke i eigen radius og leite etter nye stader og måtar å møte publikum på. To teaterproduksjonar med «Vildanden» og «Kvinna frå før» vart presenterte i ein ny, flyttbar blackbox som gav oss høve til ei meir intim teateroppleving og ei smalare programmering. Det er meir enn tjue år sidan sist eit stykke av vår store nasjonale og internasjonale diktar Henrik Ibsen vart spelt på Sogn og Fjordane Teater. I ei ny omsetjing av Maria Tryti Vennerød står «Vildanden» på plakaten.

Vi fylte lokale forsamlingshus til randa med danseframføringane «På lokalet». Vi har gjesta 19 kyrkjer med framføringane «Juleevangeliet – Miriam si forteljing» og «Julekrybba», og vi har opna ei ny scene for forteljarateater for dei minste med Eventyrrommet på Førdehuset.

Repertoaret i 2016 har stått i ungdommens teikn. Sogn og Fjordane Teater har hatt eit godt samarbeid med Den kulturelle skulesekken på tre ulike produksjonar. Vi starta året med eit unikt

samarbeid med ungdomsskulane i Førde, Farnes, Hornindal, Lærdalsøyri, Gløppen og Kvåle. I dei seks framføringane av «Ung 2016» medverka ca 360 elevar på scenene. Ungdommar frå heile fylket fekk ei scenekunstoppleving som utan ord treffe inn i deira verkelegheit. Inkludering og mangfald var viktige parameter for denne produksjonen som gav oss verdifulle erfaringar med tanke på integrering og publikumsutvikling.

«Vi har utfordra oss sjølve på sjangermessig mangfald, så vel som på nye konsept og speleflater.»

Dette arbeidet bygde vi vidare på i samarbeidet med kulturskulane i Jølster, Florø og Førde med produksjonen av «Julekrybba» som vart året si siste premie. Igjen fekk born og unge frå regionen stå sentralt i ei framføring som elles hadde eit profesjonelt mannskap i ryggen. Samarbeidet med kulturskulane markerte starten på ei langsiktig satsing i så måte.

Saman med det tradisjonsrike «Kinnaspelet», styrkjer «Ung 2016» og «Julekrybba» Sogn og Fjordane Teater si målsetjing om samhandling med lokale aktørar og utvikling av regionen sitt scenekunstmiljø, også utanfor sjølve institusjonen.

Med eit fast ensemble på tre skodespelarar frå 2016, har vi sett oss i stand til å arbeide meir dynamisk med tilbodet til publikum og jobbe meir langsiktig med konsept for Sogn og Fjordane Teater. Blant anna har vi etablert ei fast lab-veke, som utover å gje publikum høve til å sjå materiale i ulike fasar

av prosessen, også gjev teateret høve til å forske i moglege framtidige prosjekt. I samarbeid med Dramatikkens hus brukte vi difor ei veker workshop på å utvikle ein ny scenetekst av Ingrid Dragland Jørgensen. Dette med tanke på full produksjon seinare.

Eventyrrommet har blitt godt motteke både av skular, barnehagar og familiepublikum. Med denne nye spelestaden har vi fått ei ny scene i teateret sine faste lokale og tilført vitalisering og fleksibilitet i tilbodet vårt til born. Saman med det faste kjerneensemblet har vi med dette tiltaket utvida repertoaret vårt og oppnådd god utnytting av kapasiteten vår. Vi ser at vi greier å levere ein meir kontinuerlig aktivitet med desse tiltaka.

Sogn og Fjordane Teater er eit turnéteater som skal oppsøkje både større og mindre stader i fylket. I løpet av 2016 besøkte teateret 25 av 26 kommunar i Sogn og Fjordane med 198 framføringar, og la bak seg heile 4579 kilometer, som svarer til strekninga Førde - Paris tur-retur. Tilbodet vårt rettar seg til barn, unge og eldre, og vi skal vere eit møtepunkt for nye opplevingar.



Bodil Kvamme
Teatersjef



Solrun Toft Iversen
Konstituert teatersjef

STYRET SI ÅRSMELDING

Mangfald og samarbeid

2016 har vore eit særst aktivt år på fleire parameter. Vi har hatt 198 framsyningar, vitja 61 spelestader og presentert tretten titlar, seks av dei regulære produksjonar for turné. I Førde vart det spelt 77 framsyningar, 41 av desse i Eventyrrommet, medan resten vart vist på turné. Vi har nådd publikum over heile fylket.

Publikum tok godt imot tilbodet vårt i 2016, og særleg «På lokalet» og «Så vakker du er» selde godt. Dessutan har Den kulturelle skulesekken vore ein god samarbeidspart med «Ung 2016» og «Vildanden».

At vi har utnytta kapasiteten mellom hovudproduksjonane med «Eventyrrommet» har også innverknad på publikumstalet og har supplert tilbodet og auka publikumstilfanget i Førde.

Ei oppsummering av året gjev grunnlag for optimisme med tanke på publikum og presse si interesse for teateret si verksemd. Vi har med oss gode erfaringar i vårt vidare arbeid for å stå i levande dialog med regionen og nå ut til flest moglege tilskodarar med god, nynorsk scenekunst.

Totalt trefte 2016-repertoaret 15.118 publikummarar, og med ei fersk publikumsundersøking frå NPU kan vi no sjå oss i stand til å målrette tiltak for korleis vi treffer endå fleire tilskodarar med framtidige framsyningar.

Eigedelar og miljø

Sogn og Fjordane Teater leiger administrasjons-, prøve- og verkstadslokale i Førdehuset av Førde kommune. Leigeavtalen mellom kommunen og teateret går ut i 2017, og i skrivande stund er ein

ny leigeavtale under utarbeiding. Kommunen låner òg ut Gamle Prestegarden i Førde til teateret. Motyttinga er at teateret held ved like bygningen som vert nytta som bustad til engasjerte skodespelarar og anna tilreisande personale. Teateret eig tre leilegheiter. Den eine av dei var kjøpt i 2016 for å støtte auka behov for bustader. Leilegheitene vert brukte til engasjert personale. Teateret eig også ein lastebil og ein varebil. Ved behov for fleire transportmiddel på turné, leiger teateret det.

Teateret har i 2016 gjennomført tiltak for å utbetre tilhøva for lyd i teatersalen i Førdehuset. Dette har teateret kosta sjølv. Utbetringa er første del av eit arbeid teateret gjennomfører der også lyd- og lysutstyr skal fornyast. Investeringa i nytt lyd- og lysanlegg for turné står på investeringsplanen for 2017. Investeringsbehov vert gjennomgått kvart år i samband med budsjettarbeidet. Anna teknisk utstyr i teateret si eige er i god stand, og det er ikkje meldt om skade på eige utstyr i 2016. Som tidlegare har teateret halde fram med utleige og utlån av teknisk utstyr og kostyme til lag, organisasjonar og skular over heile fylket. Teateret sitt personale bidreg også med kompetanse og faglege råd i ulike samanhengar.

Teateret har i all si verksemd som mål å ikkje ureine det ytre miljøet.

Personale

Teateret hadde 18 fast tilsette og 3 personar på årskontrakt i 2016. Gjennom året var det engasjert frilanspersonale og vikarar, som til saman utgjorde 5,3 årsverk. Samla årsverk ved teateret i 2016 var 26,3.

2016 var Bodil Kvamme sitt første år som teatersjef. Bodil Kvamme er engasjert som teater-

sjef for åremålsperioden 2016 – 2019. Frå mars 2016 til 1. mars 2017 har først Margunn Grytten Selvik, deretter Solrun Toft Iversen fungert som konstituert teatersjef. I skrivande stund er Bodil Kvamme tilbake i jobb etter sjukmelding og held fram med sitt åremål.

Styret og dagleg leiari vurderer arbeidsmiljøet som godt. Teateret er ei IA-bedrift (Inkluderande arbeidsliv) og er tilslutta AKAN (Arbeidslivets komité mot alkoholisme og narkomani).

Totalt sjukefråvær i 2016 var 408 dagar. Dette svarar til om lag 6 % av total arbeidstid i året. Det har ikkje vore meldt om alvorleg skade eller ulykker på personale i 2016.

Sogn og Fjordane Teater har eit medvite forhold til arbeid med likestilling. Av fast og engasjert personale er forholdet 14,3 årsverk kvinner og 12 årsverk menn. Av kunstnarisk personale brukte teateret 9 kvinnelege og 7,6 mannlege årsverk i 2016. Styret består av tre menn og to kvinner. Av varamedlemmene til styret er tre kvinner og tre menn.

Økonomi

Teateret er godt nøgd med eit resultat som må kunne seiast å vere i tråd med budsjettet for 2016. Årsresultatet for 2016 viser eit underskot på kr 1 631,-. Det var budsjettert med eit overskot på knappe 13 000,- såleis er resultatet kr 14 600,- dårlegare enn budsjett.

Billettinntektene er om lag 300 000 betre enn venta, men driftskostnadene har også vore høgare enn budsjettert. Overforbruk i høve budsjetterte driftskostnader skriv seg frå høgare kostnader til

manusrettar, annonsering og marknadsføring, nytt billettsystem og reisekostnader.

Samla driftsinntekter i 2016 var 28,1 mill. Av dette er 4,7 % eigeninntekter. Teateret sine eigeninntekter var på 6,7 % i 2015, 10,1 % i 2014, 4,4 % i 2013 og 5,3 i 2012.


Teateret inngjekk i 2016 avtale om ny pensjonsordning for dei tilsette, frå ytingsbasert pensjon til innskotsbasert pensjon. Kostnader til pensjon i 2016 vart lågare enn budsjettert. I samband med overgangen til ny pensjonsordning fekk vi friggitt midlar til premiefondet som kan nyttast til å betale framtidige premiar til pensjon.


I tråd med rekneskapsstandarden for små bedrifter vert pensjon ikkje balanseført, men er omtalt i eigen note i årsrekneskapen (note 5). Likviditetsgrad 1 er på 0,26 som vil seie at likviditeten til teateret er stram per 31.12.16. Dette skriv seg frå kjøp av leilegheit i november 2016. Teateret har fått lån frå DNB på 1,5 mill. til kjøp av leilegheit. Lånet vert utbetalt i januar 2017, og likviditeten vil då betre seg monaleg. Resultatet i 2016 gjev teateret ein eigenkapital på i overkant av 4 millionar. Eigenkapitalen er i tråd med styret sitt mål om å skape handlingsrom til enkeltsatsingar og til å kunne tåle naturlege svingingar i økonomien.

Vidare drift

Styret vurderer det slik at føresetnadene knytte til dei offentlege tilskota er overhaldne, og at både resultat og måloppnåing er tilfredsstillande. Føresetnad om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen. Styret opplever å ha ein god relasjon til eigarane og vil takke for samarbeidet med tilskotspartane og alle andre som har bidrege til teateraktiviteten i 2016.


Førde 24.februar 2017

Hasmus Mo

Styreleiar

Ivar Svensøy

varamedlem kommunen


Kristine Lie

styremedlem

Ola Tarjet Kroken

Styremedlem

Reinert Hukset

varamedlem tilsetterepresentant

Solrun Toft Iversen

konstituert teatersjef

Bodil Kvamme

teatersjef/dagleg leiar

SÅ VAKKER DU ER

Urpremière 9. januar 2016 i Førde, Teatersalen
Framsyningar: 31 Publikum: 2.820

Så vakker du er vart også vist på Det Norske
Teatret med 3 fulle hus på scene 3 i mai 2016.



Av Brynjulf Jung Tjønn
Dramatisering og regi Miriam Prestøy Lie
Musikk Thea Hjelmeland
Scenografi og kostyme Dagny Drage Kleiva
Videodesign Åsmund Bøe

Medverkande

Thea Hjelmeland
Idun Losnegård
Kyrre Eikås Ottersen
Petter Winther

Turnéleiar/lysteknikar Atle Øydvin
Sceneteknikar/sjåfør turné Halldor Horne
Sceneteknikar/lyd/video Robert Tomkiewicz
Teknikar/snikkar Kjell Furevik
Teknikar Odd Magne Herland
Teknikar Tore Eide
Rekvisitør Agnes Alisøy, Reidun Støfring
Systove Anna Wingård
Marknad, informasjon og sal Kjell Mjelleli



Kulturkafé i samarbeid med Førde bibliotek
Frå bok til scene, samtale med Brynjulf
Jung Tjønn og Miriam Prestøy Lie.

DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

Samarbeid med Den kulturelle skulesekken
i Sogn og Fjordane 8.-10. klasse.



*«Vakkert og sårt om
kjærlighet og død»*

Jan H. Landro, BT

*«Sjelden har teatret
til de grader levende-
gjort og utvidet en
leseopplevelse»*

IdaLou Larsen, Teatermelder



UNG 2016

Prosjektperiode:

23. januar – 12. mars

Framsyingar: 6 urpremièrar,
til saman 12 framsyingar.

Publikum: 1.606

Koreografi/regi Nadja Raszewski
Videodesign/produksjon Oliver Raszewski
Lyddesign Michael Gould

Koreografisk assistanse
Frå Tyskland

Lea Svenja Dietrich

Daniela Grosset

Johanna Jörns

Camilla Przystawski

Johannes Schuchardt

Christina Wüstenhagen

Frå Norge

Iselin Aamodt Borgan

Heidi Jessen

Chris Nypan

Medverkande

ca 360 elevar frå
Førde ungdomskule
Farnes ungdomskule
Hornindal ungdomskule
Lærdalsøyri skule
Kvåle skule
Gloppen ungdomskule

Turnéleiar/rekvisitør Reidun Støfring

Sjåfør turné

Odd Magne Herland, Atle Øydvinn

Sceneteknikar/lyd/video

Robert Tomkiewicz

Sceneteknikar/lys

Gaute Fjellbakk, Atle Øydvinn

Marknad, informasjon og sal

Kjell Mjelleli, Lene Grande

DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

Samarbeid med Den kulturelle
skulesekken i den vidaregåande
skulen i Sogn og Fjordane.

Prosjektet vart støtta
av Sparebankstiftinga
Sogn og Fjordane.



sparebankstiftinga
sogn og fjordane

*“Dette var både gøy
og lærerikt.»*

Ayla Madsen, Even Mork Gjelsvik og
Sebastian Tveit, elevar ved Førde
ungdomsskule

*“Vi som lærarar er
imponerte, stolte og
rørte.»*

Connie Bakke, kontaktlærer
ved Hornindal skule

VILDANDEN

Première 12. mars i Teatersalen,
Blackbox i Førdehuset
Framsyrningar: 29
Publikum: 1.508



Foto: Oddleiv Apneseth

Av Henrik Ibsen
Omsetjing Maria Tryti Vennerød
Regi Øystein Ulsberg Brager
Dramaturg Solrun Toft Iversen
Scenografi og kostyme Margrete Eskedahl

Medverkande
Idun Losnegård
Kai Kenneth Hanson
Kyrre Eikås Ottersen
Reidun Melvær Berge
Yngve Berven

Turnéleiar/sjåfør turne Odd Magne Herland
Scenemeister/teknikar Kjell Furevik
Sceneteknikar/lyd/rekvisitør/inspisient
Agnes Alisøy
Sceneteknikar/lys Gaute Fjellbakk
Sceneteknikar Tore Eide
Marknad, informasjon og sal Lene Grande og Kjell Mjelleli



Kulturkafe i samarbeid med Førde bibliotek
Til evig eige, med Edvard Hoem, Maria Tryti
Vennerød og Øystein Ulsberg Brager.

DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

Samarbeid med Den kulturelle skulesekken i den
vidaregåande skulen i Sogn og Fjordane.



Å sette saman
eit slikt puslespel
av tankesett,
haldningar og
språk som ikkje
går for langt vekk
frå originalen og
samstundes er
truverdig i dag
er rett og slett
imponerende.

Firda



PÅ LOKALET



Foto: Oddlieiv Apneseth

Urpremière:
2. september i Viking, Førde
Framsyrningar: 24
Publikum: 2.054

Teaterbad på Pikant med
regissør Arne Fagerholt
som gjest.

**«For eit overskot, for eit trykk!
Og slik glede og spenst! Og ikkje minst,
for ei gesjeftige og natige vaskekjerring!»**

Fjordingen

Av Arne Fagerholt
Etter idé av Bodil Kvamme
Koreografi/ regi Arne Fagerholt
Kostymedesign/scenografi Dordi Strøm
Maske/ sminke Live Brændmo Søreide
Musikalsk tilrettelegging
Arne Fagerholt og Harald Dahlstrøm
Dramaturg Solrun Toft Iversen
Lysdesign Krystian Myska

Medverkande
Anette Stokke
Anne Guri Tvedt
Christer Tornell
Erlend Auestad Danielsen
Idun Losnegård
Jørn-Bjørn Fuller-Gee
Martha Standal

Turnéleiar/sceneteknikar Odd Magne Herland
Sceneteknikar/sjåfør turné Halldor Horne
Sceneteknikar/maske/kostyme Reidun Støfring
Sceneteknikar/lys Krystian Myska
Sceneteknikar/lyd Robert Tomkiewicz
Sceneteknikar/snikkar Kjell Furevik
Sceneteknikar/rekvisitør Tore Eide
Systove Anna Wingård
Marknad, informasjon og sal
Lene Grande og Kjell Mjelleli

Teaterfestivalen i Fjaler har vore ein årleg teaterfestival i Dale i Sunnfjord sidan 2013. Festivalen har eit høgt nasjonalt ry og serverer mange fine teaterframsyrningar over 4 dagar. På lokalet var Sogn og Fjordane Teater sitt bidrag i 2016. I tillegg fekk festivalen låne Sogn og Fjordane Teater sin eurotrosserigg, lysrigg, amfi og stolar.

TEATERFESTIVALEN
I FJALER

KVINNA FRÅ FØR

Norgespremière 29. oktober i Teatersalen,
Blackbox i Førdehuset
Framsyingar: 17
Publikum: 578



Av Roland Schimmelpfennig
Omsetjing Maria Tryti Vennerød
Regi Terje Skonseng Naudeer
Dramaturg Solrun Toft Iversen
Videodesign Åsmund Bøe
Lysdesign Krystian Myska

Medverkande

Anna Dworak
Ida Løken Valkeapää
Kyrre Eikås Ottersen
Preben Lillebø Rongve
Reidun Melvær Berge

Turnéleiar /sjåfør turné Halldor Horne

Scenemeister/snikkar Kjell Furevik

Sceneteknikar/inspisient/rekvisitør Agnes Alisøy

Sceneteknikar/lyd Robert Tomkiewicz

Sceneteknikar/lys Krystian Myska

Systeme Anna Wingård

Marknad, informasjon og sal

Lene Grande og Mai Kristin Tidemansen (vikariat)



Kulturkafe i samarbeid med Førde bibliotek

Samtale med regissør Terje Skonseng Naudeer

«Sterkt om det sårbare... Kvinna frå før vekte kjensler og engasjement, og vi gløynde tid og stad. Tusen takk Sogn og Fjordane Teater.»

Fjordingen

«Engasjerande teater? Desidert!»

Firda





«Ei julestemning
som Disney ikkje
kan gje deg»...
«...ei overraskande
potent innsprøyting
med julestemning,
formidla med
sjeldan god
overtydning.»

Firda

JULEEVANGELIET

– MIRIAM SI FORTELJING



Première: 18. november
i Stongfjorden kyrkje
Framsyingar: 18
Publikum: 789

Av Håvard Rem
Omsetjing Asbjørg Lotsberg
Regi Marit Østbye
Lysdesign Krystian Myska

Medverkande Idun Losnegård
Sceneteknikar/lyd/lys Tore Eide
Systove Anna Wingård
Marknad, informasjon og sal
Lene Grande og Mai Kristin Tidemansen (vikariat)



Kveldssete i Jakob Sande løa i Dale
i samarbeid med **Litteraturmisjonen i Fjaler**
Litterært kveldssete med Håvard Rem.

JULEKRYBBA



Première:
Naustdal kyrkje 27. november
Helgheim kyrkje 4. desember
Florø kirke 11. desember
Logo kulturskulane
Samarbeid med Kultuskulane i
Førde og Naustdal, Jølster og Florø.
Framsyingar: 6
Publikum: 764

*«...dette var berre så utruleg vakkert,
og imponerande på alle måtar. Dei unge
dramaspirane frå kulturskulen trollbatt
publikum og leverte ei førestilling som
stod til topp karakter»*

Firda Tidend

Tilrettelagt av Bentein Baardson og Bodil Kvamme

Regi Jeff Pedersen

Prosjektleder Reidun Støfring

Kostymedesign Else Lund

Lysdesign Krystian Myska

Dramaturg Solrun Toft Iversen

Kulturskuleansvarlege

Karen Helga Maurstig i Førde

Reidun Støfring på Jølster

Oda Alisøy i Florø

Medverkande

Reidun Melvær Berge

20 elevar ved Flora Kulturskule

30 elevar ved Førde og Naustdal Kulturskule

30 elevar ved Jølster kulturskule

Prosjektleder/sceneteknikar Reidun Støfring

Sceneteknikar/sjåfør turné Halldor Horne, Odd Magne Herland

Sceneteknikar/lyd Robert Tomkiewicz

Systove Anna Wingård, Anne Gotaas, Ingvill Fjellstad

Marknad, informasjon og sal

Lene Grande og Mai Kristin Tidemansen (vikariat)



Førde Kulturskule

Førde kommune



Flora kulturskule







EVENTYRROMMET



Gullhår og dei tre bjørnane
Kyrre Eikås Ottersen
og Reidun Melvær Berge
Framsyingar: 23

Hans og Grete
Kyrre Eikås Ottersen
og Reidun Melvær Berge
Framsyingar: 5

Havmannens son
Idun Losnegård
Framsyingar: 7

Nissen som ville bli berømt
Kyrre Eikås Ottersen
Framsyingar: 6

Dramaturg Solrun Toft Iversen
Publikum: 1.239



Kunstnaren Charlotte Rintler har designa og måla heile Eventyrrommet som stod ferdig til opninga 12. mai 2016. Her er det 55 ulike eventyrreferansar på veggane. I Eventyrrommet er det Sogn og Fjordane Teater sine skodespelarar som les eventyr, dramatiserer og syng for ungane.

«Stråla i rolla som
Borni... Med tryggleik
og ei overbevisande
innleving stod Melvær
Berge si gode tolking av
Borni støtt i nordavinden
på øya»

Firdaposten

KINNASPELET

– SONGEN OM DET STORE DJUP

Av Rolf Losnegård

Komponist Per Janke Jørgensen

Regi Jeff Pedersen

Musikalsk ansvarleg Harald Dahlstrøm

Digitalisering av notar Aage Vaksdal

Medverkande

Idun Losnegård

Kyrre Eikås Ottersen

Peter Førde

Randolf Walderhaug

Reidun Melvær Berge

150 amatørar

Musikarar

Harald Dahlstrøm

Rolf Prestø

Adele Halten

Jakob Wyrzt

Arne Hammer

Sceneteknikar Odd Magne Herland

Lydteknikarar Robert Tomkiewicz

Teknikar/rekvisitør Agnes Alisøy

18.-19. juni på Kinn

Framsyningar: 4

Publikum: 2.500



Eit samarbeid med
Kinnaspelet og med bidrag
frå distriktsmusikarordninga
i Sogn og Fjordane.



Lab

PROSJEKT

LAB PROSJEKT

Sogn og FjordaneTeater ynskjer å forske i sceniske tekstar og uttrykk som enno ikkje har hatt premiere. Noko av målet med denne satsinga er å få ny norsk dramatikkk på scena. Denne sesongen presenterte teateret YOGAKRIGEN, som vi seinare håpar å sjå att som ei ferdig produsert framsyning.

YOGAKRIGEN

Prosjektperiode: 30. mai - 3. juni

Teatersalen, Førdehuset

Arbeidsvising: 3. juni

Publikum: 40

Av Ingrid Jørgensen Dragland

Verkstadlei^{ar}/regi Audny Chris Holsen

Koreograf Sigrid Edvardsson

Medverkande

Arnhild Litleré

Idun Losnegård

Linn Løvvik

Oda Alisøy

Reidun Melvær Berge

Prosjektet Yogakrigen var i samarbeid med Dramatikkens hus.

Workshop

«Innføring i maska» med The Krumple Theater Company

The Krumple: Jon Levin, Oda K. Nyfløtt, Vincent Vernerie og Jo Even Bjørke.

Prosjektperiode: 2.-6. mai

Deltakarar: 7

GJESTESPEL

BORNAS VERSDAGAR FØRDE

ISSUN BOSHI

Laurdag 12. november var det klart for den sjuande utgåva av Bornas Verdsdagar Førde.


Saman med mange gode samarbeidspartar inviterer Førdefestivalen born og vaksne til ein familiefest med både lydar, lukter og smakar frå vårt eige land og mange andre. I Førdehuset var det verkstader med halling, magedans, trommer, song, trekkspel, eventyrlesing, og for aller første gong på BVD Førde, var Sogn og Fjordane Teater med i Teatersalen med framsyninga Issun Boshi.

Medverkande

Karin Stautland
Mai Goto

Sceneteknikar Atle Øydvin

Framsyningar: 3
Publikum: 220



THE KRUMPLE THEATER COMPANY

DO NOT FEED THE TROLLS



Foto: Fredrik Bergund

Tekst, regi og medverkande

Jon Levin, Oda K. Nyfløtt, Vincent Vernerie, Jo Even Bjørke
Sceneteknikar/lys Atle Øydvin
Sceneteknikar/lyd Robert Tomkiewicz
Sceneteknikar Kjell Furevik, Halldor Horne, Odd Magne Herland og Tore Eide

3. mai 2016

Framsyningar: 1
Publikum: 87

VINTERLYSFESTIVALEN

SKILTE MENN RIR IGJEN

Vinterlysfestivalen er ein årleg teaterfestival som vert arrangert av Nordland Teater i Mo i Rana. I 2016 hadde Sogn og Fjordane Teater to produksjonar som gjestespel på festivalen.



Vinterlysfestivalen er ein årleg teaterfestival som vert arrangert av Nordland Teater i Mo i Rana. I 2016 hadde Sogn og Fjordane Teater to produksjonar som gjestespel på festivalen.

Av Yngve Sundvor
Regi Yngve Sundvor
Medverkande Roger Hilleren, Fredrik Steen
Framsyingar: 7
Publikum: 501

Skilte menn rir igjen vart produsert på Sogn og Fjordane Teater med premiere i 2014.

VINTERLYSFESTIVALEN

DØDSDANSEN



Av August Strindberg
Omsetjing Margunn Vikingstad
Regi Bodil Kyamme
Scenografi Åse Hegrenes
Medverkande
Anne E. Kokkinn, Kyrre Eikås Ottersen, Jeff Pedersen
Framsyingar: 4
Publikum: 111

Dødsdansen vart produsert ved Sogn og Fjordane Teater med premiere i 2015.

PERSONALE

LEIING

Bodil Kvamme
Teatersjef

Solrun Toft Iversen
Konstituert teatersjef
(24.10–2016–28.02.2017)

Margunn Grytten Selvik
Direktør
Konstituert teatersjef
(01.03.2016–23.10.2016)

ADMINISTRASJON

Asbjørg Lotsberg
Administrasjonssekretær
Reinert Hukset
Økonomi- og administrasjons-
medarbeidar

MARKNAD, SAL OG INFORMASJON

Lene Grande
Informasjons- og marknadssjef
Kjell Mjelleli
Sals- og marknadsansvarleg
Mai Kristin Tidemansen
Salsmedarbeidar (vikariat)

KUNSTNERISK PERSONALE

Instruktørar, engasjerte

Arne Fagerholt
Audny Chris Holsen
Jeff Pedersen
Marit Østbye
Miriam Prestøy Lie
Nadja Raszewski
Terje Skonseng Naudeer
Øystein Ulsberg Brager

Solrun Toft Iversen – dramaturg
Sigrid Edvardsson – koreograf

Skodespelarar

fast tilsette
Kyrre Eikås Ottersen
Idun Losnegård (2016–2019)
Reidun Melvær Berge (2016–2019)

Skodespelarar, engasjerte

Anna Dworak
Anne E. Kokkinn
Arnhild Litleré
Fredrik Steen
Ida Løken Valkeapää
Jo Even Bjørke
Jon Levin
Kai Kenneth Hanson
Karin Stautland
Linn Løvvik
Mai Goto

Oda Alisøy
Oda K. Nyfløtt
Peter Førde
Petter Winther
Preben Lillebø Rongve
Randolf Walderhaug
Roger Hilleren
Thea Hjelmeland
Vincent Vernerie
Yngve Berven
90 elevar frå:
Flora kulturskule
Førde kulturskule
Jølster kulturskule

Dansarar, engasjerte

Anette Stokke
Anne Guri Tvedt
Christer Tornell
Erlend Auestad Danielsen
Jørn-Bjørn Fuller-Gee
Martha Standal
360 elevar frå:
Farnes ungdomsskule
Førde ungdomsskule
Gloppen ungdomsskule
Hornindal ungdomsskule
Kvåle skule
Lærdalsøyri ungdomsskule

Musikarar, engasjerte

Adele Veronica Halten
Arne Hammer
Asbjørn Flåm
Harald Dahlstrøm
Jakob Wyrzt
Rolf Prestø
Rune Molvik
Sebastian Dietrich Ryll
Thea Hjelmeland

Visuell design, engasjerte

Charlotte Rintler – kunstnar
Dagny Drage Kleiva – scenografi/kostyme
Dordi Strøm – scenografi/kostyme
Else Lund – kostyme
Krystian Myska – lysdesignar
Live Brændmo – Maske
Margrete Kristine Eskedahl
– scenografi/kostyme
Michael Gould – lyddesign
Olivier Raszewski – videodesign
Åsmund Bøe – videodesign

Manus/ omsetjing, engasjerte

Arne Fagerholt
Bentein Baardson/ Bodil Kvamme
Brynjulf Jung Tjønn/ Miriam Prestøy Lie
Håvard Rem/Asbjørg Lotsberg
Ingrid Jørgensen Dragland
Roland Schimmelpfennig/
Maria Tryti Vennerød
Rolf Losnegård
The Krumple Theater Company

TEKNISK PERSONALE FAST TILSETTE

Kenneth Røsandhaug – produksjonsleiar
Agnes Alisøy – tekniskar/sufflør
Anna Wingård – kostymeansvarleg
Atle Øydvin – lysteknikar
Halldor Horne – tekniskar/sveisar
Kjell Furevik – tekniskar/snikkar
Lillian Digernes – reinhald
Odd Magne Herland – tekniskar/
produksjonsassistent
Reidun Støfring – tekniskar/rekvisitør
Robert Tomkiewicz – lydtekniskar
Tore Eide – tekniskar

ØVRIG ENGASJERT PERSONALE

Anne Gotaas – kostymesyar
Aage Vaksdal – digitalisering av notar
Camilla Przystawski – koreografiassistent
Christina Wüstenhagen – koreografiassistent
Chris Nypan – koreografiassistent
Daniella Grosset – koreografiassistent
Gaute Fjellbakk – lysteknikar
Heidi Jessen – koreografiassistent
Ingrid Heieren – danseinstruktør
Ingvill Fjeldstad – kostymesyar
Iselin Aamodt Borgan – koreografiassistent
Jenny C. Petersen – inspisient
Johanna Magdalena Jörns – koreografiassistent
Johannes Schuchardt – koreografiassistent
Karen Helga Maurstig – kulturskuleansvarleg
Førde

Kurt Hafstad – danseinstruktør
Lea Svenja Dietrich – koreografiassistent
Oda Alisøy – kulturskuleansvarleg Florø
Oddleiv Apneseth – foto
Per Janke Jørgensen – komponist
Rebecca Dahle – kostymesyar

SAMARBEIDSPARTAR

Den kulturelle skulesekken Sogn og Fjordane
Farnes ungdomsskule
Førde ungdomsskule
Gloppen ungdomsskule
Hornindal ungdomsskule
Kvåle skule
Lærdalsøyri ungdomsskule
Det Norske Teatret
Dramatikkens hus
Flora kulturskule
Førde kulturskule
Førdefestivalen/ Bornas Verdsdagar Førde
Hordaland Teater
Jølster kulturskule
Kinnaspelet
Rom for ord
Tanz Tangente
Teaterfestivalen i Fjaler
Vinterlysfestivalen

STYRET

Styreleiar

Rasmus Mo – Sogn og Fjordane fylkeskommune

Nestleiar

Iris Loftheim – Førde kommune

Medlemmar

Ola Tarjei Kroken – Sogn og Fjordane fylkeskommune
Kristine Lie – Sogn og Fjordane fylkeskommune
Kjell Furevik – Sogn og Fjordane Teater

Varamedlemmar

1. varamedlem Hanne Oftedal – Sogn og Fjordane fylkeskommune
2. varamedlem Eva Marie Halvorsen – Sogn og Fjordane fylkeskommune
3. varamedlem Anne Lilleaasen – Sogn og Fjordane fylkeskommune
Varamedlem Ivar Svensøy – Førde kommune
1. varamedlem Reinert Hukset – Sogn og Fjordane Teater
2. varamedlem Kyrre Eikås Ottersen – Sogn og Fjordane Teater
3. varamedlem Reidun Støfring – Sogn og Fjordane Teater

STATISTIKK

Framsyningar og publikumstal

	Framsyningar	Publikum
Eigenproduksjon		
Så vakker du er	31	2 820
Ung 2016	12	1 606
Vildanden	29	1 508
På lokalet	24	2 054
Kvinna frå før	17	578
Juleevangeliet - Miriam si forteljing	18	789
Julekrybba	6	764
Eventyrrommet		
Gullhår og dei tre bjørnane	23	781
Hans og Grete	5	206
Havmannens son	7	152
Nissen som ville bli berømt	6	100
Samarbeidsproduksjon		
Kinnaspelet	4	2 500
Gjestespel		
Do Not Feed the Trolls	1	87
Issun Boshi	3	220
Skilte menn rir igjen	7	501
Dødsdansen	4	111
Anna		
Lab-prosjekt: Yogakrigen	1	40
Formidling		
Kulturkafé	5	220
Samtale på scenekanten	1	35
Skulebesøk/omvising	1	35
Utplasseringslevar	1	4
Lab-prosjekt: maskeworkshop	1	7

Nøkkeltal

Tal framsyningar	198
Totalt publikum	15 118
Tal publikum på eiga scene	3 507
Tal publikum på turné	11 530
Tal framsyningar på eiga scene	77
Tal framsyningar på turné	121
Tal kommunar besøkt i Sogn og Fjordane	25
Tal kommunar besøkt utanfor Sogn og Fjordane	3
Tal ulike spelelokale i Sogn og Fjordane	61



På Lokalet
Viss veggane kunne snakke,
seier vi ofte, men her skal vi
la dansen fortelje historia.

RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.


	Note	2016	2015
Billett og programsal		1 254 020	880 400
Anna salsinntekt	13	76 563	53 745
Driftstilskot	7	26 823 893	26 180 609
Vinst ved sal av husvære	1	0	966 288
Sum driftsinntekter		28 154 476	28 081 041
Materialkostnad		876 326	626 847
Kostnad turne/oppøkjande verksemd		1 376 512	936 831
Kostnad vedk. lokale	10	1 937 800	2 160 829
Lønskostnad	5, 6	19 229 372	19 359 597
Avskrivning	1	556 960	542 380
Annen driftskostnad	6	4 183 743	3 046 967
Sum driftskostnader		28 160 712	26 673 451
Driftsresultat		-6 236	1 407 590
Renteinntekt		22 426	53 888
Rentekostnad		-17 821	-13 401
Årsresultat		-1 631	1 448 077
Disponering av årsresultatet			
Overført til annan egenkapital		0	1 448 077
Overført frå annan egenkapital		1 631	0
Sum disponert		-1 631	1 448 077


BALANSE PR. 31.12.

	Note	2016	2015
EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Tomtar, bygningar o.a. fast eigedom	1, 12	4 921 250	2 563 225
Driftslausøyre, inventar, verkty, kontor-maskiner o.l.	1	1 809 631	2 267 691
Sum varige driftsmiddel		6 730 881	4 830 916
Finansielle anleggsmidler			
Eigenkapitalinnskot KLP	5	521 489	0
Sum finansielle anleggsmidler		521 489	0
Sum anleggsmiddel		7 252 370	4 830 916
Omløpsmiddel			
Fordringar			
Kundefordringar	11	21 050	28 643
Andre fordringar	8	54 755	59 104
Sum fordringar		75 805	87 747
Bankinnskot, kontantar o.l.	2	1 015 856	3 706 318
Sum omløpsmiddel		1 091 661	3 794 066
SUM EIGEDELAR		8 344 031	8 624 982

	Note	2016	2015
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
Innskoten egenkapital			
Aksjekapital (10 aksjer á kr 10 000)	3, 4	100 000	100 000
Sum innskutt egenkapital		100 000	100 000
Opptjent egenkapital			
Annan egenkapital	3	3 990 702	3 992 334
Sum opptjent egenkapital		3 990 702	3 992 334
Sum egenkapital	3	4 090 702	4 092 334
GJELD			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		936 346	1 294 456
Skuldige offentlege avgifter		1 352 918	1 205 550
Anna kortsiktig gjeld	9	1 964 065	2 032 642
Sum kortsiktig gjeld		4 253 328	4 532 648
Sum gjeld		4 253 328	4 532 648
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		8 344 031	8 624 982


Førde 24.februar 2017


Rasmus Mo

 Styreleiar


Ivar Svensøy

 varamedlem kommunen

Reinert Hukset

 varamedlem tilsetterepresentant

Solrun Toft Iversen

 konstituert teatersjef

Kristine Lie

 styremedlem

Ola Tarjet Kroken

 Styremedlem

Bodil Kvamme

 teatersjef/dagleg leiar

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2016

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak.

Salsinntekter

Inntektsføring av billettinntekter skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei blir levert.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Fordringar klassifiserast som omløpsmiddel dersom dei skal tilbakebetalast i løpet av eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er analoge kriterium lagt til grunn.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel er vurdert til kostpris. Varige driftsmiddel vert balanseført og avskrive over driftsmidlet si økonomiske levetid. Varige driftsmiddel vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje vert venta å vere forbigåande. Nedskrivinga vert reversert når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivast lineært over driftsmidla si forventa levetid dersom dei har vurdert levetid

over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15.000.

Vedlikehald av driftsmidla vert kostnadsført etter kvart under driftskostnader. Påkostingar eller forbetringar leggst til driftsmidlet sin kostpris og avskrivast i takt med driftsmidlet. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring reknast i forhold til driftsmidlet sin stand ved kjøp av driftsmidlet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til venta tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg for andre kundefordringar blir det gjort ein uspesifisert avsetning for å dekke vurdert tap.

Pensjonar

Pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordninga for teatret sine tilsette er ikkje balanseført før den tilsette tek ut pensjon. Forpliktingar/pensjonsmiddel knytt til innskotsbasert pensjonsordning er ikkje balanseført.

Skatt

Teatret er ei ikkje-skattepliktig verksemd.

Note 1 Varige driftsmiddel

	Personalhusvære	Kunst	Bil	Inventar kontorutst.	Utstyr	Bygningsinnreng	Totalt
Kostpris 1.1.	2 563 225	80 000	1 948 469	1 850 230	4 674 458	1 751 032	12 867 414
Tilgang	2 358 025			77 219	21 681		2 456 925
Avgang							-
Kostpris 31.12.	4 921 250	80 000	1 948 469	1 927 449	4 696 139	1 751 032	15 324 339
Akk. avskrivningar 31.12.			1 146 759	1 740 364	3 969 997	1 736 339	8 593 459
Balansført verdi pr. 31.12.	4 921 250	80 000	801 710	187 086	726 142	14 693	6 730 881
Avskrivningar i år	0	-	139 428	131 479	282 454	3 599	556 960

Èin personalbustad er kjøpt i 2016 for totalt kr. 2 358 025,-.

Note 2 Bundne midlar

	I år	I fjor
Bundne midlar per 31.12	835 595	784 098

Selskapet har ein kassakreditt limit på NOK 1,5 mill.

Note 3 Eigenkapital

	Aksjekapital	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 1.1	100 000	3 992 334	4 092 334
Resultat i år		-1 631	-1 631
Eigenkapital 31.12	100 000	3 990 703	4 090 702

Note 4 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen på kr 100.000 består av 10 aksjar a kr 10.000. Alle aksjar har like rettar.

Oversikt over aksjonærane per 31.12.

Namn	Tal aksjar	Eigardel
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	8	80 %
Førde kommune	2	20 %
Totalt	10	100 %

Note 5 Pensjon

Teateret har fram til 30.06.2016 hatt ei kollektiv pensjonsforsikring (ytelsesplan) som omfattar 18 tilsette. Ordninga gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse har i hovudsak vore avhengig av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda.

Frå 01.07.2016 gjekk teateret over til ei innskotsbasert pensjonsordning. Det er i samband med overgangen balanseført eit eigenkapitalinnskot til KLP på kr 521 489,- under finansielle anleggsmidlar for handtering av forpliktelsane inngått i tidligare ytelsesordning.

Teateret si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Teateret sine tilsette har i tillegg ein tariffesta avtalefesta førtidspensjonsordning (usikra ordning). Teateret sine tilsette kan velje å gå av med AFP frå fylte 62 år. Forpliktelsen i følge ordninga er ikkje rekneskapsført som gjeld. Ordninga omfattar 18 tilsette. Det er ingen som har tatt ut AFP per 31.12.2016.

Dei tilsette har følgjande aldersfordeling:

	Fast	Kontrakt	Sum
Under 30 år	0	2	2
Frå 30 til 40 år	2	1	3
Frå 41 til 50 år	7	0	7
Frå 51 til 64 år	7	0	7
Frå 64 til 70 år	2	0	2
Sum	18	3	21

Netto pensjonskostnad kjem fram på følgjande måte:	I år	I fjor
Utbetalte pensjoner frå selskapet	0	0
Premie gamal og ny AFP-ordning	249 312	194 460
Pensjonspremie til innskotsordning	603 872	0
Pensjonspremie til kollektiv ordning	794 887	1 681 504
Eigenandel pensjon tilsette	-233 392	-187 310
Netto pensjonskostnad i år	1 414 679	1 688 654

Note 6 Lønskostnader, tal tilsette, godtgjersle, lån til tilsette m.m.

Lønskostnader	I år	I fjor
Løner og honorar	17 033 178	14 482 862
Arbeidsgjevaravgift	1 866 621	1 568 286
Pensjonskostnader	1 414 679	1 688 654
Lønnsrefusjon samarbeidsprosjekt	-185 800	-190 000
Kostnadsdeling samarbeidsprosjekt	-	1 485 882
Andre lønsrelaterte ytingar	-899 306	323 913
Sum	19 229 372	19 359 597

Antall årsverk har vore 26 (fast + engasjement/frilans m.m). Det har vore 18 fast tilsette og 3 personar på årskontrakt.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn	794 006	72 175
Pensjonsutgifter	15 438	
Anna godtgjersle	42 892	

Pr 31.12.16 er det ingen lån/trygdgjeving til dagleg leiar, styreleiar eller andre nærstående partar.

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i rekneskapsåret var kr 102 250, av dette er kr. 66 250 knytt til revisjon og resten til andre tenester. Beløpet er inkludert meirverdiavgift.

Note 7 Spesifikasjon av driftstilskot

	I år	I fjor
Ordinært tilskot staten	18 675 000	18 327 000
Ordinært tilskot Sogn og Fjordane Fylkeskommune	5 998 000	5 890 000
Ordinært tilskot Førde kommune	2 000 893	1 963 609
Andre offentlege tilskot	150 000	0
Sum	26 823 893	26 180 609

Note 8 Andre fordringar

	I år	I fjor
Forskotsbetalte kostnader	50 755	41 111
Krav på sjukepengar	0	0
Kortsiktig lån tilsette	4 000	17 993
Sum	54 755	59 104

Note 9 Anna kortsiktig gjeld	I år	I fjor
Skuldig feriepengar/ løn	1 717 042	1 463 250
Skuldig løn (ref note 6)	94 802	479 103
Påløpne kostnader	152 221	90 289
Sum	1 964 065	2 032 642

Note 10 Leigeavtaler	Leigeperiode opphører	Kostnadsført husleige
Husleigeavtale	01.01.2017	1 432 624

Note 11 Kundefordringer	I år	I fjor
Kundefordringer til pålydande 31.12.	27 836	28 273
Delkredereavsetning 31.12.	0	0
Opptjent inntekt	-6 786	370
Kundefordringer 31.12.	21 050	28 643

Note 12 Pantsetjing	I år	I fjor
Gjeld sikra med pant		
Kortsiktig gjeld til kredittinstitusjoner (kassekreditt)	0	0
Sum gjeld sikra med pant 31.12.	0	0

Balanseført verdi av pantsette egedelar		
Varige driftsmidler	102 700	102 700
Kundefordringer	27 836	28 643
Sum 31.12.	130 536	131 343

Note 13 Spesifikasjon av anna salsinntekt	I år	I fjor
Inntekter frå utleige	25 740	31 978
Andre inntekter	50 823	21 766
Sum	76 563	53 744

Julekrybba
– Ei magisk feiring
av julas under



Til generalforsamlingen i Sogn og Fjordane Teater L/L

Uavhengig revisors beretning

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert Sogn og Fjordane Teater L/Ls årsregnskap som viser et underskudd på kr 1 631. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2016, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2016, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av årsberetningen, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Styrets og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig

for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i regnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste uttalelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på hensiktsmessigheten av ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen ved avleggelsen av regnskapet, basert på innhentede revisjonsbevis, og hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapets evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i regnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifiserer vår konklusjon om årsregnskapet og årsberetningen. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet inntil datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet ikke fortsetter driften.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Uttalelse om øvrige lovmessige krav


Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Førde 27. februar 2017
PricewaterhouseCoopers AS


Jan Flølo
Statsautorisert revisor



HAUST
2016



Kulturdepartementet



Førdehuset, Postboks 324, 6802 Førde

Tlf.: 909 90 600 | post@softeater.no

softeater.no FØLG OSS PÅ:    